

## Margit Hjukse

I det som ein gong heitte Saude Prestegjeld budde det ei jente, på den gjævaste garden Hjukse i Hjuksebø. Ho heitte Margit og segna om henne har inspirera til både vise og slått.

Ein er vel ikkje heilt viss på om eksakt når ho levde, men ein trur ho kan ha levd på 1700-talet, sjølv om balladen om Margit Hjukse har ein slags mellomalderdåm over seg.

Historikar Jon Hvitsand i Bø meinte å ha funne ut at ho var dotter av Torstein Sud-Aurud og Ingrid Halvorsdottir Jønsi.

Margit skal seinare ha fått ein Tord til stefar, da den eigentlege faren døydde i 1776.

Margit gjorde seg ein dag klar til å reise åt kyrkje, seier segna. Ho sala hesten og tok vegen i retning Bø. Men da ho kom framved ein bergvegg stod Bergjekongen og tala til henne med langt, kvitt skjegg. Bergjekongen freista henne med ein sylvforgylt stol, så gav han henne to raude stakkar. Tolv jenter kom og stelte opp håret hennar og sette på henne ei gullkrone. Bergjekongen skjenkte henne så den klåraste vin – gløymsledrikken - og den virka slik at Margit blei i berget med Bergjekongen som husbond. Her fødde ho sønene og døtrene tre, heiter det i visa.

Men etter ei tid hørde ho kyrkjeklokkene frå Bø i det fjerne. Dette vekte opp Margit og ho lengta heim til familien. Ho ba om lov til å vitje dei ho sakna så sårt. Det fekk ho, men ho fekk ikkje lov til å vera borte meir hell ein time eller to. Margit reiste til Hjukse og der trefte ho far sin som såg att si kjære dotter for fyrste gong på 14 år. *"Me har gråte for deg så mang ei tåre,"* sa Tord Hjukse og sette Margit ned i stolen til mora, som nå sto tom.

Margit kjende seg så lukkeleg over å vera heime og fri att, samtidig som ho kjende ei djup sorg over mor si, som hadde sørgd seg i hel på desse åra.

Ho blei borte mykje lenger enn ho fekk lov til av Bergjekongen. Men så kom Bergjekongen så snøgt som ein eld, og spurde: "Kjem du ikkje heim til borna i kveld?"

Å stå i mot Bergjekongen var heilt umogleg for Margit. Han hadde for mykje makt over henne. Så måtte Margit skiljast med heimen og faren ein siste gong; *"Fare nå vel, da, alle i min heim. Nå kjem eg aller te' dekkar meir."* Så fór dei inn i berget att.

Dette er ei sterk historie og ein skal vera forsiktig med å avmytifisere slike ting. Slike mytar får ein til å tenkje, og ein kan tolke dei i mange retningar. Det er sunt for fantasien. Men ei avmytifisering av denne segna som eg ikkje syns svekker historia, er denne:

Margit var som kjend frå ein stolt gard, med stolte og religiøse foreldre. I bygdene denne tida var det viktig med medgift, og Margit som einaste arving på garden møtte nok store forventningar og krav til kven ho ein gong skulle gifte seg med. Helst skulle ho nok velja ein av dei kristne og rike odelsgutane i bygda, slik at både Margit og Hjukse var sikra.

Men Margit følgde ikkje krava. Ho forelska seg i ein heidning og husmann under Svalbjør på heia, og ho ville gifte seg med honom. Foreldra blånekta dette og ville nærmast jage henne om ho så ville.

Men Margit var sikker i si sak og ein dag stelte ho seg til og sa ho ville ri åt kyrkje i Bø. Dette laug Margit, for ho rei ikkje dit, men opp til kjærasten sin på Svalbjør. Der blei ho og dei fekk fleire ungar i hop.

Margit og husmannen gifte seg heller ikkje og dei levde i det som foreldra såg på som stor synd og skam. Etter ei tid fekk ho hug til å reise heim og sjå til foreldra. Kanskje ville dei også glede seg over å få sjå barnebarna. Men da ho kom dit fekk ho ikkje lov av dei å sleppe oppatt til heidningen på Svalbjør. Husmannen kom likevel og henta Margit.

Dette lika foreldra særers dårleg. Foreldra hadde dikta opp ei historie om at ho hadde blive bergteken for å bortforklare det at det hadde gått så ille med dottera. Seinare døydde Margit i barselseng. Husmannen gjekk da til presten og ville få gravlagd henne i vigd jord, men presten svara at når ho ikkje hadde helde seg til kyrkja i sitt liv så fekk ho døy slik ho hadde valt å leva.

Spelemannen Lars Fykerud (1860-1902) frå Sauherad levde seg veldig inn i historia om Margit Hjukse, anten det var den ein eller den andre, eller kanskje båe historiene han hadde høyrte. Kanskje kjende han seg att i det også - bergteken som han sjølv var av musikken han kjempa med.

Han forma ut ein hugtakande lydarslått etter denne segna, og kalla han Margit Hjukse.

**Anbefala innspeling:**

*Knut Buen: "Fykerud'n" (BKCD4. Buen Kulturverkstad 1992)*

**Kjelder:**

- Agnes Buen Garnås
- Knut Buen
- M.B. Landstad: *Norske Folkeviser*